



Kan me hjelpa deg?  
Ring 56 58 74 00

Telefon- og epostliste

Nødtelefonar/vakttelefonar

Hovedmeny > Tenester > Kultur og fritid > Fritid > Kulturaktivitetar

#### Tenester

- Arbeid
- Barn og familie
- Bustad og eigedom
- Forbrukarspørsmål
- Helse
- Individ og samfunn
- Kultur og fritid
  - Fritid
  - Idrett og friluftsliv
  - Kulturhistorie
  - Kulturtilbod og -arrangement
  - Lotteri og lykkespel
  - Reiser
  - Tilskotsordningar
- Natur og miljø
- Næring
- Omsorg, trygd og sosiale tenester
- Rettslege spørsmål
- Skule og utdanning
- Trafikk og samferdsel
- Skattar og avgifter

## Prosjekt Aktiv Ungdom - for deg mellom 13 og 18 år

Oppstart i Nordborg tysdag 29.03.2011 kl. 18.00 - 20.00. Det vert minikonsert med nokre av dei som skal delta på Ungdommens Kulturmønstring i Bergen, biljardspeling og informasjon om kva som skal skje i alle gruppene i prosjektet.

Nærare informasjon om prosjektet finn du nedanfor.

### Prosjekt: Aktiv Ungdom - for deg som er mellom 13 og 18 år

Kan du synga eller spela trommer? Likar du å halde på med makeup, skriv du sangtekstar eller noveller? Har du lyst å lære om lys og lyd eller er du ein resar med videokamera/fotokamera. Eller held du ikkje på med noko som helst men har lyst å berre vera med å kanskje lære noko nytt då er aktiv ungdom prosjektet noko for deg.

Målet med prosjektet er at du får prøve ut eigne idear og dele med andre. På veggen utviklar du ulike prosjekt i lag med andre, og du får høve til å møta proffe artistar og instruktørar. Tilsnitt får du høve til å presentera kva du har arbeida med i ei framsyning i Nordbygda Grendahus i februar 2012. Det er dykk sjølve som set råde for framsyninga.

Me har sett opp desse ulike gruppene:

#### Musikkgruppe

Ulike sjangrar møtast og øver. Me ser for oss at det kan verta grupper innan blues, metall, hiphop osv. Dersom du har lyst å spela men ikkje har noko gruppe er det berre å møta opp og so ser me kva gruppe du kan vera med i.

Ansvarleg: Simen Tveiterås

#### Multimedia

Film og foto. Følgja dei andre gruppene og dokumentera kva dei gjer på. Vil du lage film for deg sjølv eller i lag med andre so er det heilt greitt.

Ansvarleg: Andrea Trengereid Gjerde

#### PR/marknadsføring

Facebook-side med meir. Denne gruppa arbeidar for å gjera vårt prosjekt synleg i ulike medium og planlegginga av framføringa i høve plakatar osv.

Ansvarleg: Andrea Trengereid Gjerde

#### Song

Likar du å synga vil me ha deg med. Du brukar den stemma du har og den sjangeren du likar best.

Ansvarleg: Renate Tveiterås

#### Dans

Her ser me for oss ulike dansegrupper frå hiphop, breakdans, flamenco, ballett, swing osv.

Me har folk frå mange nasjonar i Samnanger og kanskje me kan få fram nokre av desse sine tradisjonar.

Ansvarleg: Renate Tveiterås

#### Kortspel

Me har lyst å få med ungdomar som vil lære seg ulike kortspel. Bridge og poker med meir!

Ansvarleg: Brage Haugbjørg Haugen

#### Lyd/Lys

Til framsyninga treng me både lyd og lys for at resultatet skal verta bra. Fleire grendahus i bygda har slikt utstyr og me ynskjer at ungdom skal lære seg å bruka dette utstyret slik at ungdomar kan hjelpe til med ulike tilstellingar. Me har også lyst å lære å laga eit lysshow på framsyninga våren 2012.

Ansvarleg: Brage Haugbjørg Haugen

#### Tekst

Skriving er noko som må til når me skal ha ei framsyning enten det vert revytekstar eller songtekstar. Rim og regler i system kan også vera noko me kan arbeida med eller novelleskriving.

Ansvarleg: Amalie Tysseland



#### Tone Tysseland Holmefjord

Telefon : 974 37 237

E-post :

Tittel : Konsulent

#### Kjerneside (1)

- Kultur og fritid

#### Tenesteeining/avdeling (1)

- Eining for kultur

#### Eksterne linker

- Den kulturelle skolesekken (Informasjonsside)
- Kulturkalenderen (Informasjonsside)
- Kulturnett.no (Informasjonsside)

#### Revy/Kostyme/Makeup

Laga skjetsar og framføra dei. Er draumen din å verta skodespelar vil me ha deg med. Læra seg om sminke både daglegdags makeup eller teater makeup. Sy kostymer og liknande.

Ansvarleg: Mila Lukasenoksa

#### Stunt

Skating, bmx og inline. Skateshow med lyd og lys (mediagruppa kan filma). Byggja midlertidige rampar eller hopp ulike stadar. Kanskje me kan ta ei reise til Fysak i Bergen for å få inspirasjon?

Ansvarleg: Amalie Tysseland

Proffe utøvarar innan ovannevnte område vil koma til Samnanger for å hjelpa prosjektet i gang. Fyrste mann ut er Are Hauffen som er videofilmskapar. Han vil lære oss om å filma, redigera, photoshop, med meir. Det vert eit helga kurs 9-10. April. Stad og klokkeslett kjem me tilbake til.

I løpet av 2011 vil me laga til ulike konsertar for ungdom. Du kan vera med å påverka kva grupper de ynskjer å få høyra med å delta i prosjektet.

Det beste med dette prosjektet er at alt er GRATIS for deg som vil vera med. Vil du vera med so må du vera "aktiv" dvs du deltek og vil lære av denne prosessen. Det viktigaste er ikkje sjølv framsyninga men læringsprosessen undervegs. Du kan lesa meir om aktiv ungdom på [www.aktivungdom.eu](http://www.aktivungdom.eu) so finn du ut kva dette dreiar seg om.

Me skal ha eit oppstartmøte tysdag 29.mars kl 18-20 i Nordborg (det gamla ungdomshuset i Nordbygda). Der vert prosjektet presentert og me byrjar arbeidet i dei ulike gruppene. Vil du vera med so må du koma på dette møtet.

#### **For prosjektet**

#### **Tone Tysseland Holmefjord**

Publisert av Boge, Jan Erik. Sist endra 24.03.2011

[Tilbake](#) [Tips ein venn](#) [Utskriftsvennleg versjon](#)

[Del på facebook](#)

[Tilbake](#)

